

SPAR-rennet ein fulltreffar

17.02.2013



Stig Berge Soldal var raskast av mennene

Det utsette SPAR-rennet i Fjellhaugen i dag vart ein fulltreffar både sportsleg og arrangementsmessig. Det fortente da også Uskedal Idrettslag etterat vinteren har vore så treg i avtrekket! Rennet gav tydelegvis avløp for mykje oppdemma ski-interesse ettersom deltakarlistene inneheldt 125 namn. Arrangøren sjølv stilte med meir enn 20 av dei og atter ein gong vart ein imponert over kor godt skigruppa i UIL jobbar for tida. Det kjem til uttrykk også i avviklinga som skjer raskt og smertefritt og er prega av høg kompetanse.



Veslemøy Haugland var raskast i 13-årsklassen

Når dertil vergudane til slutt legg smørsida til og lokkar med mykje snø må det bli vellukka. Denne gongen var det sprint med prolog og det sette ein spiss på rennet.



Tord Sæle toppa blant 15-åringane

UIL-deltakarane sine prestasjonar var desse:



Kari Bråtun imponerte igjen

I finalane gjekk Hanna Tvilde raskast i jenter 11 år med 4,22 medan Camilla Myklebust Ripel kom inn på 4,47, Thea Taranger på 5,27 og Andrea Hjelmeland på 5,29. I gutar 11 år kom Sondre Klyve på andreplass med 4,23 medan vinnaren Kristian Steinsvik frå Rosendal fekk 4,06

Tord Sæle var best av 15-åringane med 2,51 og her kom Johannes Haugland inn på 3,03.

Veslemøy Haugland vann jenter 13 år på 3,39 medan Solveig Haugland vart nummer 2 i jenter 14 år med 3,24 etter Sara Guddal frå Rosendal som gjekk på 3,01

Kari Bråtun gjekk på 4,11 og var åleine i klassen. Denne gongen uteblei det tradisjonelle oppgjeret mellom henne og Ingebjørg Haugland fordi Ingebjørg hadde sjukdomsforfall som deltakar men typisk nok gjorde ein jobb på arrangørsida.

Av mennene var Stig Berge Soldal raskast med 3,57 og han slo andremann Johannes Guddal frå Rosendal med 7 sekunder.

Deltakarar i prologen for jenter og gutar 10 år:
Saima Kristine Døssland, Emma Myklebust Ripel, Silje Soldal, William Hjørnevåg, Tobias Berge Soldal, Pål Ingmar Haugland, Matias Børve, Birk Sæle, Kristian Øvstebø, Torbjørn Haugland, Tørres Lekva og Jostein Soldal

Uskedalen var sjølv sagt også representert i barneskirennnet som gjekk forut for det andre og hadde 50 deltakarar..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det var mange friske duellar over mål og tidtakarane hadde ein stri jobb